
Saksnr: 2021/5823-2
Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		16.03.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.03.2021

Flyfagtilbod i Trøndelag

Forslag til innstilling

Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av landslinetilbod innan vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.

Samandrag

Trøndelag fylkeskommune planlegg å søke Utdanningsdirektoratet om etablering av landsline innan vg2 flyfag frå og med hausten 2022 og vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag frå og med hausten 2023. Trøndelag fylkeskommune ber derfor om tilbakemelding frå dei andre fylkeskommunane på søknad om landslineplassar innan flyfag. Jamfør kriterium for oppretting av landsliner, må alle fylkeskommunane støtte etableringa for at Utdanningsdirektoratet skal vurdere søknaden, med unnatak av heilt særskilte tilfelle.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Til fylkeskommunane - om oppretting av flyfagtilbod i Trøndelag
- 2 Flyteknisk kompetanse - Utreiing Sopra Steria desember 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Trøndelag fylkeskommune planlegg å søke Utdanningsdirektoratet om etablering av landsline innan vg2 flyfag frå og med hausten 2022 og vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag frå og med hausten 2023. Trøndelag fylkeskommune ber derfor om tilbakemelding frå dei andre fylkeskommunane på søknad om landslineplassar innan flyfag. Jømfør kriterium for oppretting av landsliner, må alle fylkeskommunane støtte etableringa for at Utdanningsdirektoratet skal vurdere søknaden, med unnatak av heilt særskilte tilfelle.

Hovudutval for utdanning i Trøndelag fylkeskommune vedtok i 2019 å sette i gang ei utgreiing av flyfaglinje i Trøndelag. Det blei etablert ein utgreiingsorganisasjon med representantar frå Luftforsvarsstaben, 132 Luftving Ørland, politisk leiing, rektor og tilsette ved Fosen vidaregåande skole i tillegg til fylkesadministrasjonen i Trøndelag.

Trøndelag fylkeskommune gjennomfører no eit utgreiingsarbeid med mål om å setje i gang eit flyfagtilbod frå hausten 2022. Utgreiinga skal vere klar 2. kvartal 2021.

For at Utdanningsdirektoratet skal kunne vurdere ein søknad om landslinetilbod eller utviding av eksisterande landslinetilbod, må søkaren oppfylle [gitte kriterium](#). Retningslinene skal sikre likebehandling av søknadar og sørge for at oppretting av nye landslinetilbod skjer etter ei fagleg vurdering, der landslinetilbod passar inn i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring, og der ei oppretting eller utviding av landslinetilbod samsvarer med m.a. nasjonale og regionale kompetansebehov.

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse har vurdert søknaden frå Trøndelag fylkeskommune i lys av kriteria for søknad om landsline. Fylkesdirektøren si vurdering er at søknaden vil støtte formålet med landsline - at ordninga skal bidra til å sikre elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

Vidare vurderer fylkesdirektøren at Trøndelag fylkeskommune særleg har dokumentert regionalt og nasjonalt kompetansebehov som er grunnlag for oppretting av landslinetilbodet.

Vestland fylkeskommune har ikkje tilbod innan flyfag, og det har ikkje vore vurdert å søke om tilsvarande tilbod. Eit landslinetilbod i Trøndelag fylkeskommune vil ikkje ha noko påverknad på tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune.

Per 22.2.2021 var det samla sett 25 søkarar frå Vestland fylkeskommune til eksisterande landslinetilbod innan flyfag til skuleåret 2021/22. Desse fordeler seg på 23 til vg2 flyfag, 1 til flytekniske fag og 1 til avionikarfaget.

Som vedlegg til saka ligg oversendingsbrev frå Trøndelag fylkeskommune og rapport utarbeidd i forbindelse med søknad om landslinetilbod.

Vedtakskompetanse

Utval for opplæring og kompetanse har avgjerdsmynde etter Reglement for delegering etter særlov, kap. 26, § 3-1.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen effekt.

Klima:

Ingen effekt.

Folkehelse:

Ingen effekt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ingen effekt.

Konklusjon

Hovudutval for opplæring og kompetanse støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av landslinetilbod innan vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.